Bremanger kommune

Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Rådhuset
Dato:	22.10.2026
Tid:	Kl. 09:00 - 17:00

Følgjande medlem møtte	**Parti**
Anne Kristin Førde	AP
Frank Midtbø	AP
Herborg Hilde Eikeland	AP
Nils Jørgen Sagebø	AP
Elisabeth Birkeland Hatlenes	H
Jorunn Petrine Frøyen	H
Stig Bakke	KrF
Henny Margrete Hansen	SP
Magne Ivar Kjerpeset	SP
Øyvind Heimtun	SP
Leo Husabø Holm Cirotzki	SV
Norvall Klungresæter	U
Evy Merete Myklebust	V
Geir Magne Røys	V
Jeanette Kristiansen Grotle	V
Svein Arne Torvanger	V
Svein Olav Senneset	V
Kjell Sørland	VIP

Forfall meldt frå følgjande medl.	**Parti**	**Følgjande varamedlem møtte**	**Parti**
Camilla Landro	AP	Per Helge Eikeland	AP
Harry Gulestøl	H	Per Røys	H
Vibeke Kjerpeset Os	SP	Tor-Inge Øvrebotten Myrhol	SP
Kristin Andrea Svanøe Hjelle	VIP		
Ole Marius Lien	VIP	Karin Marit Fossheim-Sørland	INP U VIP

Ugilde	**Sak**	**Følgjande varamedl. møtte**	**Merknad**
Øyvind Heimtun	26/11365	Kjell Ottar Leirgulen, SP	
Tor-Inge Øvrebotten Myrhol	26/11092	Kjell Ottar Leirgulen, SP	
Per Røys	26/10364	,	Ingen vara møtte

Møtenotater:
Orientering:

Synfaring:

Underskrifter:

_____	_____	_____
_____	_____	_____

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
032/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
033/26	Orienteringssaker
034/26	Referatsaker
035/26	Guleslettene vindkraftverk, fortetting og mindre utviding, planid. 202601 - fastsetting av planprogram
036/26	Områderegulering for Myklebust- og Ramsskredfjellet vindkraftverk, planid. 202403 - fastsetting av planprogram
037/26	Endeleg godkjenning av Detaljregulering Klausen industrier, gbnr. 38/356
038/26	Godkjenning av forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Bremanger kommune
039/26	Endring av barnehagevedtektene
040/26	Hornelen besøkssenter
041/26	Godkjenning av samarbeidsavtale – administrativt vertskommunesamarbeid om eldre og avslutta kommunale arkiv
042/26	Delegering av mynde til vertskommune – administrativt vertskommunesamarbeid om eldre og avslutta kommunale arkiv
043/26	Valløftet 2027
044/26	Tilleggsløyving til Interkommunalt Krisesentertilbod frå 2027
045/26	Tertialrapport 2 - 2026

032/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste til møte i Kommunestyret den 22.10.26 vert godkjende slik dei ligg føre.

Kommunestyret 22.10.2026:

Handsaming:

KST- 032/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Kommunstyret den 22.10.26 vart godkjende slik dei låg føre.

033/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Orienteringssaker vert teke til vitande.

Kommunestyret 22.10.2026:

Handsaming:
Orientering ved dagleg leiar ved Nasjonalt senter for vindkraftkommunar, Espen Andreas Volden.
Presentasjon ligg i saka.
Her er spørsmåla og svara skrivne om i ein meir ryddig møteprotokoll-stil:
Spørsmål som kom opp i saka:
Stig Bakke (KrF)
Synlege turbinar - kan ein ha merknad på dette både frå eigen kommune og andre kommunar ?
Svar : på kartfesta områder skal dei ikkje vere synlege, verken innanfor kommunen eller utanfor kommunegrensene.

Jorunn Frøyen (Høgre)
Kor ligg spørsmålet om adkomstvegar i konsesjonsprosessen?
Prosessen verkar å bli meir trinnvis, og kommunen kjem inn på eit seinare tidspunkt. Kan det oppstå situasjonar der kommunen seier nei fordi saka ikkje er godt nok utgreidd?
Kva med arealplanar og eventuelle endringar i desse?
Dersom ein ventar på nytt lovverk før nye område for vindkraft blir vurderte, kan det skape utfordringar?
Kva skjer dersom området er sett av til LNF-føremål?

Svar:
Spørsmålet om adkomstvegar ligg innanfor konsesjonsprosessen
Kommunen kjem relativt seint inn i prosessen. Korleis manglande kommunalt samtykke eventuelt vil påverke vidare behandling er ikkje avklara, dette vil vere tema i komande

høyringar.
At ein planprosess er sett i gang, har i seg sjølv ingen rettsleg verknad. Først når planen er vedteken, får han rettsleg status.
Når det gjeld mogleg nytt lovverk, kan ein ikkje på noverande tidspunkt sei noko om dette vil påverke pågåande saker, då reglane ikkje er fastsette. Det er mellom anna usikkert om kommunane framover vil få frivillig høve til å krevje reguleringsplanar, eller om dette ikkje blir aktuelt.
Det gjenstår å sjå korleis LNF-område vil bli handterte i slike saker.
Kommunane vil uansett alltid vere høyringsinstans i slike saker, og sakene må politisk handsamast i kommunestyret.

Orientering oppvekst ved kommunalsjef Gro Bakke Abildsnes.

- Presentasjon av status for oppvekstsektoren.
- Gjennomgang av resultat frå PISA innan lesing, matematikk og naturfag.
- Rutinar for kartlegging av dysleksi og ADHD. Kartlegging skjer gjennom samarbeid mellom PPT, skule og foreldre. Nokre utfordringar kan vere vanskege å oppdage fordi elevane utviklar eigne meistringsstrategiar.
- Elevane vert kartlagde kvar haust.
- Fokus på språk og lesing frå barnehagealder.
- Godt samarbeid mellom barnehage, skule, bibliotek og PPT.
- Alle lærarar har ansvar for leseopplæring.
- Trivsel er ein føresetnad for læring.
- 9. klasse har gode resultat på nasjonale prøver.
- Mobbing går ned i Bremanger, i motsetnad til utviklinga elles i landet.Tett samarbeid med fagmiljø og støttetenester. Innsatsteam arbeider ute på einingane. Mistanke om mobbing vert undersøkt raskt.
- Skadeverknader av digitale verktøy og redusert leikekompetanse blant barn? Temaet er løfta opp i kommunalt FAU. Det er fokus på å få fleire barn ut i leik og aktivitet. Det er starta eit prosjekt i Kalvåg knytt til dette. Ein ser at færre barn deltek på arrangement og ofte vel skjermaktivitetar heime. Vaksne må vere gode førebilete.

Orientering statsbudsjettet ved kommunedirektør:

- Kommunen brukar mykje pengar, særleg på drift.
- Det er lite som tyder på at kommunen vil få vesentleg meir inntekter etter vedteke statsbudsjett.
- Demografisk utvikling og inntekter frå konsesjonskraft har stor betydning for økonomien.
- Det kan bli nødvendig å utsetje eller redusere investeringar.
- Kommunen må ta inn over seg at det er krevjande å snu befolkningsnedgangen. Elevtalet i Bremanger er venta å gå ned med 36 elevar i økonomiplanperioden. Det må vurderast om elevgrunnlaget framover er stort nok til å oppretthalde dagens struktur.
- Pris- og lønnsvekst påverkar driftsresultatet negativt.
- Kommunen får reduserte inntekter frå eigedomsskatt på vindkraft etter framtidig retaksering.
- Administrasjonen må beskrive ei ramme som er i tråd med tilrådde økonomiske mål.

Orientering beredskap ved kommunedirektør:

- Det som skjer i Europa påverkar også Noreg.
- Beredskap handlar om å styrkje heile samfunnet.
- Kommunen arbeider med beredskap kvar dag gjennom dei ordinære tenestene.
- Dei som har ansvar i det daglege, har også ansvar i krisesituasjonar.
- God samhandling mellom einingar og etatar er avgjerande.
- Kommunen må kunne stille med personell og utstyr ved behov.
- Statsforvaltaren har ei koordinerande rolle.
- Kommunen har etablert kommunalt beredskapsråd.
- Det er oppretta felles beredskapsråd saman med Kinn kommune.
- Det er gjennomført felles øving med Statsforvaltaren.
- Kommunen har samarbeidsavtale med Sanitetskvinnene og Røde Kors
- Markering av Totalberedskapsåret.
- Gjennomføring av eigenberedskapsveke.
- Bygdemøte og informasjon til innbyggjarane.
- Fagsamlingar i regi av Statsforvaltaren.
- Etablering av informasjonspunkt.
- Løpande arbeid med ROS-analyse (risiko- og sårbarheitsanalyse).
- Eit sentralt mål er å få rask og korrekt informasjon ut til innbyggjarane ved hendingar.
- Bortfall av straum og elektronisk kommunikasjon er vurdert som den største beredskapsutfordringa. Digitale løysingar innan helse- og omsorgstenestene er særleg sårbare ved langvarige utfall.

Orientering ved ordførar:

Ordføraren deltok på KS Vestland si haustkonferanse i Balestrand 15.-16. oktober 2026, arrangert av KS og Statsforvaltaren i Vestland.

- Konferansen samla politiske og administrative leiarar til fagleg påfyll og dialog om aktuelle utfordringar i kommunesektoren.
- Sentrale tema var kommuneøkonomi og omstilling, berekraftig arealbruk, klimarisiko og naturfare i planlegginga, samt samhandling mellom stat og kommune.
- KS orienterte om debattheftet for 2027.
- Tema som vart tekne opp er relevante for Bremanger sitt arbeid med økonomiplanlegging, arealforvaltning og samfunnsutvikling.
- Deltakarane fekk møte den nye statsforvaltaren, Hege Solbakken.
- Det vart også markert avskjed med Liv Signe Navarsete.
- Konferansen gav høve til erfaringsutveksling med andre kommunar i Vestland.

Finansiering og regularitet i ferjedrifta fram mot 2030

- Ordføraren har saman med 18 andre ordførarar i Vestland bedt om møte med fylkesordførar Jon Askeland.
- Bakgrunnen er uro for finansieringa av ferjedrifta i åra framover.
- Ferjene er avgjerande for både innbyggjarar og næringsliv i kyst- og fjordkommunane.
- Kommunane ønskjer dialog om korleis ein kan sikre føreseielege og berekraftige rammer for ferjetilbodet.
- Det er bedt om at møtet vert gjennomført i nær framtid.

Årets TV-aksjon gjekk til Flyktninghjelpen (NRC).

- Bremanger kommune samla inn totalt 265 917 kroner.
- Dette gav kommunen ein 61. plass nasjonalt og 11. plass i Vestland fylke.
- Om lag 50 bøsseberarar deltok og dekka alle rutene i kommunen.

- Det vart samla inn 71 333 kroner i kontantar.
- Resultatet viser at den tradisjonelle bøsseaksjonen framleis engasjerer og gir gode resultat i lokalsamfunnet.

Regionale planar ved Elisabeth Hatlenes, FIPR
Presentasjon ligg i saka.

- Det ligg no ute to regionale planar på høyring. Regional plan for areal og mobilitet (RAM) og Regional plan for verdiskaping og kompetanse (RVK)
- Medlemmane i kommunestyret vart oppmoda om å kome med innspel til formannskapet
- Det vart peika på behov for større fokus på korleis distriktskommunane kan utviklast.
- Planforslaget inneheld fleire punkt som kan verke sentraliserande.
- Verdiskaping og kompetanseutvikling er viktige tema i planane.
- Det vart understreka at vidaregåande skulestrukturen må takast vare på.
- Det vart peika på at kysten ikkje er tilstrekkeleg innarbeidd i hovudlinjenettet slik det ligg føre i planforslaget.

KST- 033/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak:

Orienteringssaker vart teke til vitande.

034/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Referatsaker vert tekne til vitande.

Kommunestyret 22.10.2026:

Handsaming:
Refeatsak nr. 2: Stig Bakke, leiar i Kontrollutvalet oppsummerte frå møteboka til Kontrollutvalet.

KST- 034/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak:

Referatsaker vart tekne til vitande.

035/26: Guleslettene vindkraftverk, fortetting og mindre utviding, planid. 202601 - fastsetting av planprogram

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9, vert planprogram for

områderegulering for Guleslettene vindkraftverk, fortetting og mindre utviding, godkjent med dei endringane som er foreslått i dokumentet «Melding med forslag til plan og utredningsprogram_09.09.2026», og med eventuelt tilleggsvilkår om fuglekartlegging som NVE fastset.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 24.09.2026
Med fem mot to røyster:
Fomannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:
Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9, vert planprogram for områderegulering for Guleslettene vindkraftverk, fortetting og mindre utviding, godkjent med dei endringane som er foreslått i dokumentet «Melding med forslag til plan og utredningsprogram_09.09.2026», og med eventuelle tilleggsvilkår om fuglekartlegging som NVE fastset.

Ugilde	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Øyvind Heimtun	Kjell Ottar Leirgulen	

Kommunestyret 22.10.2026:

Handsaming:
Forslag frå Nils-Jørgen Sagebø - AP, foreslått av Nils Jørgen Sagebø, Arbeiderpartiet
Planprogram for områderegulering for Guleslettene vindkraftverk, fortetting og mindre utviding vert avvist.

Øyvind Heimtun (Sp) stilte spørsmål om eigen habilitet. Kommunestyret vurderte han som inhabil i saka. Kjell Leirgulen møtte som vararepresentant under behandlinga.
Ordførar infomerte i saka.

- Leo Cirotzki (SV) sa at dette var eit naturleg stoppunkt for vidare vindkraftutbygging. Han etterlyste informasjon frå aktørar som er kritiske til vindkraft og stilte spørsmål ved kva som er dei viktigaste argumenta for vidare utbygging. Han peikte på omsynet til naturmangfald, meinte prosjektet ikkje er i tråd med samfunnsplanen og viste til at eksisterande vindkraftanlegg ikkje er evaluerte.

- Nils Jørgen Sagebø (Ap) fremja forslag om å avvise saka.

- Stig Bakke (KrF) peikte på at kommunen treng inntekter og at samfunnet har behov for meir kraft. Han viste også til kraftbehovet i industrien, mellom anna ved Elkem.

- Jorunn Frøyen (H) viste til at saka gjeld godkjenning av planprogram og vidare utgreiing av prosjektet.

- Magne Kjerpeset (Sp) støtta kommunedirektøren si tilråding og meinte prosjektet kunne gi positive verknader for lokalsamfunnet.

- Ordførar viste til at samfunnsplanen nyleg hadde vore tema i formannskapet.

- Kjell Sørland (Vi Partiet) meinte det var feil å leggje hovudvekta på økonomiske gevinstar dersom dette inneber nedbygging av natur.

- Svein Olav Senneset (V) sa at han i utgangspunktet er positiv til vindkraft, men at kvart prosjekt må vurderast for seg. Han støtta vidare planprosess for å få fram konsekvensane og viste til mellom anna klimaomsyn, støtte frå grunneigarane, moglege naturfaglege utfordringar og kommunen sin økonomiske situasjon. Han understreka også at kommunestyret tidlegare hadde vedteke at prosjektet skulle utgreiast, og at det er viktig å respektere ulike politiske standpunkt.

- Norvall Klungresæter (uavhengig) viste til behovet for å redusere utslepp og peikte på at manglande tiltak også kan få store konsekvensar. Han understreka samstundes at omsynet til fugl og støy må vurderast nøye.

Røysting:

Det var 22 røysteføre representantar til stades.
Forslaget om å avvise saka frå Nils Jørgen Sagebø, Ap fekk fem røyster ved :
Leo Cirotzki (SV)
Nils Jørgen Sagebø (Ap)
Jeanett Kristiansen Grotle (V)
Kjell Sørland og Karin Fossheim-Sørland (Vi Partiet)

Forslaget frå Formannskapet fekk 17 røyster:
Anne Kristin Førde, Herborg Hilde Eikeland, Frank Midtbø og Per-Helge Eikeland (AP)
Jorunn Frøyen, Elisabeth Hatlenes og Per Røys (Høgre)
Stig Bakke (Krf)
Magne Kjerpeset, Henny Hansen, Tor-Inge Myrhol og Kjell Ottar Leirgulen (Sp)
Norvall Klungresæter (uavhengig)
Svein Olav Senneset, Evy Merete Myklebust, Svein Arne Torvanger, Geir Magne Røys (Venstre)

Formannskapet sitt framlegg vart vedteke med 17 mot 5 røyster.

KST- 035/26 Vedtak:
Med 17 mot 5 røyster:
Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9, vert planprogram for områderegulering for Guleslettene vindkraftverk, fortetting og mindre utviding, godkjent med dei endringane som er foreslått i dokumentet «Melding med forslag til plan og utredningsprogram_09.09.2026», og med eventuelt tilleggsvilkår om fuglekartlegging som NVE fastset.

Formannskapet 24.09.2026:

Handsaming:
Forslag frå Nils-Jørgen Sagebø - AP, foreslått av Nils Jørgen Sagebø, Arbeiderpartiet
Formannskapet rår kommunestyret til at planprogrammet for områderegulering for Guleslettene vindkraftverk, fortetting og mindre utviding – Planid. 202601 vert avvist.

- Ordføraren presiserte at saka gjeld kva som skal utgreiast vidare, ikkje om det skal byggjast fleire vindmøller eller ikkje.
- Det vart understreka at alle innspel skal takast på alvor.

- Det skal også utgreiast eit alternativ med fortetting innan eksisterande område, utan utviding.
- Fleire meinte vurderingane bør byggje på konklusjonane frå NVE, medan andre peika på at kommunen også må gjere eigne sjølvstendige vurderingar.

Nils Jørgen Sagebø, Ap, fremja eit alternativt framlegg.
Framlegget fekk 2 røyster ved Nils Jørgen Sagebø , Ap og Kjell Sørland, VIP
Framlegget frå kommunedirektøren fekk 5 røyster ved Anne Kristin Førde, Ap, Magne Kjerpeset, Sp, Jorunn Frøyen, Høgre, Svein Olav Senneset og Evy Merete Myklebust frå Venstre,

FSK- 061/26 Vedtak:
Med fem mot to røyster:
Fomannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:
Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9, vert planprogram for områderegulering for Guleslettene vindkraftverk, fortetting og mindre utviding, godkjent med dei endringane som er foreslått i dokumentet «Melding med forslag til plan og utredningsprogram_09.09.2026», og med eventuelle tilleggsvilkår om fuglekartlegging som NVE fastset.

036/26: Områderegulering for Myklebust- og Ramsskredfjellet vindkraftverk, planid. 202403 - fastsetting av planprogram

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Planprogram for områderegulering for Myklebust- og Ramsskredfjellet vindkraftverk, planid. 202403, vert fastsett i medhald av plan- og bygningslova §§4-1 og 12-9, med endringar som går fram av dokumentet «Oppdatert melding med forslag til plan- og utredningsprogram, revidert 10.06.2026.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 24.09.2026
Med fire mot tre røyster
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:
Planprogram for områderegulering for Myklebust- og Ramsskredfjellet vindkraftverk, planid. 202403, vert fastsett i medhald av plan- og bygningslova §§4-1 og 12-9, med endringar som går fram av dokumentet «Oppdatert melding med forslag til plan- og utredningsprogram, revidert 10.06.2026.

Ugilde	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Tor-Inge Øvrebotten Myrhol	Kjell Ottar Leirgulen	

Kommunestyret 22.10.2026:

Handsaming:
Forslag frå Nils-Jørgen Sagebø - AP, foreslått av Nils Jørgen Sagebø, Arbeiderpartiet

Planprogram for områderegulering for Myklebust- og Ramsskredfjellet vindkraftverk, planid. 202403, vert avvist.

Ordføraren informerte i saka.
Tor-Inge Øvrebotten Myrhol bad om vurdering av habiliteten sin, då han er son av ein grunneigar på Indrehus. Kommunestyret fann han inhabil i saka. Kjell Leirgulen møtte som vararepresentant under behandlinga.

- Magne Kjerpeset (Sp) viste til utfordringane kommunen står overfor og peikte på at grunneigarane er samde om prosjektet. Han framheva at utbygginga kan få positiv betydning for kommuneøkonomien og bidra til å oppretthalde tenestetilbodet i kommunen. Han peikte også på at kommunen står overfor reduserte inntekter og at fleire tiltak må setjast på vent.

- Nils Jørgen Sagebø (Ap) meinte fokus bør vere på utgiftssida framfor nye inntekter. Han viste til dei store naturinngrepa prosjektet vil medføre og fremja framlegg om å avslutte saka.

- Leo Cirotzki (SV) viste til at han tidlegare har støtta vindkraftutbyggingar i kommunen, men meinte kommunen allereie har store inntekter frå vindkraft. Han peikte på at prosjektet inneber store naturinngrep og at turbinane vil få stor påverknad på landskapet

- Jorunn Frøyen (H) understreka at saka gjeld godkjenning av planprogram og utgreiing av fire alternativ. Ho peikte på at kommunestyret har bede om eit betre kunnskapsgrunnlag før endeleg stillingtaking.

- Norvall Klungresæter (uavhengig) opplyste at han ville røyste imot framlegget og viste til måla i samfunnsplanen.

- Geir Magne Røys (V) peikte på at mykje har endra seg dei siste åra, mellom anna gjennom auka kostnader for kommunen. Han støtta vidare utgreiing av prosjektet og meinte dette er ein god måte å skaffe nødvendig kunnskap på. Han viste også til omsynet til grunneigarane sine moglegheiter til å utvikle eigedomane sine og behovet for auka inntekter til kommunen

- Leo Cirotzki (SV) understreka at han respekterer andre sine standpunkt, men meinte kommunen bør satse på andre etableringar og utviklingsmoglegheiter.

- Kjell Sørland (Vi Partiet) stilte spørsmål ved behovet for vidare utgreiing. Han peikte særleg på konsekvensar for fugleliv og naturmangfald, og meinte prosjektet vil medføre omfattande naturinngrep.

Røysting
Det var 22 røysteføre representantar til stades.
Forslaget om å avvise saka frå Nils Jørgen Sagebø, Ap fekk sju røyster ved :
Leo Cirotzki (SV)
Nils Jørgen Sagebø (Ap)
Jeanett Kristiansen Grotle (V)
Evy Merete Myklebust (V)

Kjell Sørland og Karin Fossheim-Sørland (Vi Partiet)
Norvall Klungresæter (uavhengig)

Forslaget frå Formannskapet fekk 15 røyster:

Anne Kristin Førde, Herborg Hilde Eikeland, Frank Midtbø og Per-Helge Eikeland (AP)

Jorunn Frøyen, Elisabeth Hatlenes og Per Røys (Høgre)

Stig Bakke (Krf)

Magne Kjerpeset, Henny Hansen, Øyvind Heimtun og Kjell Ottar Leirgulen (Sp)

Svein Olav Senneset,Svein Arne Torvanger, Geir Magne Røys (Venstre)

Formannskapet sitt framlegg vart vedteke med 15 mot 7 røyster.

KST- 036/26 Vedtak:
Med 15 mot sju røyster:
Planprogram for områderegulering for Myklebust- og Ramsskredfjellet vindkraftverk, planid. 202403, vert fastsett i medhald av plan- og bygningslova §§4-1 og 12-9, med endringar som går fram av dokumentet «Oppdatert melding med forslag til plan- og utredningsprogram, revidert 10.06.2026.

Formannskapet 24.09.2026:

Handsaming:
Tilrå avvising, foreslått av Evy Merete Myklebust, Venstre
Formannskapet tilrår at kommunestyret gjer slikt vedtak: Planprogram for områderegulering av Myklebust- og Ramsskredfjellet vindkraftverk vert avvist.

Ordførar orienterte i saka.
Evy Merete Myklebust, Venstre og Nils Jørgen Sagebø, Ap, fremja eit alternativt framlegg.

Framlegget fekk 3 røyster ved Nils Jørgen Sagebø , Ap , Evy Merete Myklebust, Venstre og Kjell Sørland, VIP

Framlegget frå kommunedirektøren fekk 4 røyster ved Anne Kristin Førde, Ap, Magne Kjerpeset, Sp, Jorunn Frøyen, Høgre og Svein Olav Senneset, Venstre

FSK- 062/26 Vedtak:
Med fire mot tre røyster
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:
Planprogram for områderegulering for Myklebust- og Ramsskredfjellet vindkraftverk, planid. 202403, vert fastsett i medhald av plan- og bygningslova §§4-1 og 12-9, med endringar som går fram av dokumentet «Oppdatert melding med forslag til plan- og utredningsprogram, revidert 10.06.2026.

037/26: Endeleg godkjenning av Detaljregulering Klausen industrier, gbnr. 38/356

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere fylgjande vedtak:

Detaljregulering for Klausen industrier, gnbr. 38/356, planid 202502 blir godkjent i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-10, 12-11 og 12-12.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 24.09.2026
Samrøystes vedtak:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere fylgjande vedtak:
Detaljregulering for Klausen industrier, gnbr. 38/356, planid 202502 blir godkjent i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-10, 12-11 og 12-12.

Ugilde	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Per Røys		Ingen vara møtte

Kommunestyret 22.10.2026:

Handsaming:
Før behandlinga av saka fekk Geir Magne Røys (V) permisjon frå kl. 13.45. Kommunestyret var dermed sett med 21 medlemmer.
Per Røys (H) bad kommunestyret vurdere habiliteten hans i saka, då han er far til dagleg leiar for tiltakshavar. Kommunestyret fann han inhabil. Det var dermed 20 røysteføre representantar ved behandlinga av saka.
Ordføraren orienterte i saka.

KST- 037/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak:
Detaljregulering for Klausen industrier, gnbr. 38/356, planid 202502 blir godkjent i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-10, 12-11 og 12-12.

Formannskapet 24.09.2026:

Handsaming:
Ordførar orienterte i saka.

FSK- 063/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere fylgjande vedtak:
Detaljregulering for Klausen industrier, gnbr. 38/356, planid 202502 blir godkjent i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-10, 12-11 og 12-12.

038/26: Godkjenning av forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Bremanger kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Bremanger kommune vert vedteken med heimel i forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a slik ho ligg føre.

Kommunestyret 22.10.2026:

Handsaming:
Ordføraren orienterte i saka. Saka har ikkje vore behandla i formannskapet, men har vore ute på høyring. Det har kome både positive og negative innspel.

- Øyvind Heimtun (Sp) viste til utfordringar med beiteskadar i landbruket. Han meinte termisk sikte kan vere eit nyttig hjelpemiddel for å ta ut rett dyr der skadane oppstår. Han peikte på at ordninga ikkje er eit påbod, men eit tilbod til jegerane. Senterpartiet støtta kommunen si fråsegn.

- Stig Bakke (KrF) meinte hjorten må ha ein reell sjanse under jakta og peikte på at utstyret er kostbart, noko som kan gjere ordninga mindre tilgjengeleg for mange jegerar.

- Leo Cirotzki (SV) stilte spørsmål ved behovet for å opne for bruk av termisk sikte og etterlyste dokumentasjon på omfanget av beiteskadar. Han meinte ordninga eventuelt burde avgrensast til område med dokumenterte skadar.

- Svein Olav Senneset (V) peikte på at ny teknologi kan vere eit nyttig hjelpemiddel for å ta ut dei rette dyra og bidra til å nå forvaltningsmåla. Han viste til vurderingane i saksutgreiinga.

- Jorunn Frøyen (H) viste til at bruk av termisk utstyr allereie er tillate i visse samanhengar. Ho understreka at målet ikkje er å redusere bestanden meir enn vedtekne bestandsplanar legg opp til, og at ein må halde seg til fastsette uttak.

- Nils Jørgen Sagebø (Ap) meinte hjorteforvaltninga har vore for svak over tid og tok til orde for å utsetje saka eitt år. Han spurde også kor mange skadefellingsløyve som hadde vorte gitt siste året.

- Vilde Senneset frå administrasjonen opplyste at det var gitt to til tre skadefellingsløyve det siste året. Og at det må liggje føre eit dokumentert næringsgrunnlag og oppfylte vilkår for å få skadefellingsløyve.
-

- Kjell Sørland (Vi Partiet) peikte på at utvikling av nytt utstyr er ein naturleg del av samfunnsutviklinga, og meinte termisk sikte også kan bidra til auka tryggleik under jakt.

- Norvall Klungresæter (uavhengig) meinte behovet for ordninga ikkje var godt nok grunngjeve og uttrykte skepsis til jakt i mørke.

7 røysta mot framlegget.
Stig Bakke (KrF)
Leo Cirotzki (SV)
Nils Jørgen Sagebø og Herborg Eikeland (Ap)
Norvall Klungresæter (uavhengig)
Evy Merete Myklebust (H)
Elisabeth Hatlenes (H)

14 røysta for framlegget:
Anne Kristin Førde, Frank Midtbø og Per-Helge Eikeland (AP)
Magne Kjerpeset, Henny Hansen, Tor-Inge Myrhol og Øyvind Heimtun (Sp)
Kjell Sørland og Karin Fossheim-Sørland (Vi Partiet)

Jorunn Frøyen og Per Røys (Høgre)

Svein Olav Senneset, Svein Arne Torvanger, og Jeanett Kristiansen Grotle (V)

KST- 038/26 Vedtak:
Med 14 mot 7 røyster:
Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Bremanger kommune vert vedteken med heimel i forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a slik ho ligg føre.

039/26: Endring av barnehagevedtektene

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet rår Kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

> Endring av § 5-2 Ferie i vedtektene for barnehagane i Bremanger kommune vert vedteke slik det går fram av saksframstillinga.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 24.09.2026
Samrøystes:
Formannskapet rår Kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

> **Endring av § 5-2 Ferie i vedtektene for barnehagane i Bremanger kommune vert vedteke slik det går fram av saksframstillinga.**

Kommunestyret 22.10.2026:

Handsaming:
Ordførar informerte i saka.
Pkt 5, andre avsnitt skal lyde slik:

Den fjerde ferieveka skal takast ut samanhengande, tilsvarande fem dagar, og kan takast ut på valfritt tidspunkt i løpet av barnehageåret. I tillegg kan den fjerde ferieveka takast ut som ein kombinasjon av dagane i romjula og påska. Føresette skal melde frå til barnehagen seinast 14 dagar før ferieuttaket.

KST- 039/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak:

Endring av § 5-2 Ferie i vedtektene for barnehagane i Bremanger kommune vert vedteke slik det går fram av saksframstillinga, med tillegg av endring i andre avsnitt: Den fjerde ferieveka skal takast ut samanhengande, tilsvarande fem dagar, og kan takast ut på valfritt tidspunkt i løpet av barnehageåret. I tillegg kan den fjerde ferieveka takast ut som ein kombinasjon av dagane i romjula og påska. Føresette skal melde frå til barnehagen seinast 14 dagar før ferieuttaket.

Formannskapet 24.09.2026:

Handsaming:
Ordførar orienterte i saka.

- ein har imøtekome høyringsinnspela i saka når det gjeld den 4. ferieveka.

FSK- 065/26 Vedtak:
Samrøystes:
Formannskapet rår Kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Endring av § 5-2 Ferie i vedtektene for barnehagane i Bremanger kommune vert vedteke slik det går fram av saksframstillinga.

040/26: Hornelen besøkssenter

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet gjev slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret tek forstudierapporten *Hornelen Besøkssenter – «Historia om menneska, landskapet og kulturen»* til orientering.
2. Kommunestyret sluttar seg til at arbeidet med Hornelen Besøkssenter i eksisterande lokale ved Kolset skule vert vidareført gjennom eit forprosjekt.
3. Kommunestyret vedtek mandat for forprosjektet slik det ligg ved saka.
4. Forprosjektet skal gi kommunestyret eit samla avgjerdsgrunnlag for eventuell realisering. Dette skal mellom anna omfatte endeleg konsept, bygningsmessige tiltak, organisering, autorisasjon, investeringskostnader, driftsbudsjett, finansieringsplan, økonomisk risiko og framdriftsplan.
5. Vedtaket inneber ikkje løyving til investering, etablering eller varig drift av Hornelen Besøkssenter. Ei eventuell sak om realisering, investering og varig kommunal driftsfinansiering skal leggjast fram for kommunestyret etter at forprosjektet er gjennomført.
6. Kostnader til forprosjektet skal innarbeidast i kommunen sitt budsjett og økonomiplan, eller verte lagde fram som eiga sak med framlegg til finansiering.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 24.09.2026

Formannskapet gjev slik tilråding til kommunestyret:

1. **Kommunestyret tek forstudierapporten *Hornelen Besøkssenter – «Historia om menneska, landskapet og kulturen»* til orientering.**
2. **Kommunestyret sluttar seg til at arbeidet med Hornelen Besøkssenter i eksisterande lokale ved Kolset skule vert vidareført gjennom eit forprosjekt.**
3. **Kommunestyret vedtek mandat for forprosjektet slik det ligg ved saka.**
4. **Forprosjektet skal gi kommunestyret eit samla avgjerdsgrunnlag for eventuell realisering. Dette skal mellom anna omfatte endeleg konsept, bygningsmessige tiltak, organisering, autorisasjon, investeringskostnader, driftsbudsjett, finansieringsplan, økonomisk risiko og framdriftsplan.**
5. **Vedtaket inneber ikkje løyving til investering, etablering eller varig drift av Hornelen Besøkssenter. Ei eventuell sak om realisering, investering og varig kommunal driftsfinansiering skal leggjast fram for kommunestyret etter at forprosjektet er gjennomført.**
6. **Kostnader til forprosjektet skal innarbeidast i kommunen sitt budsjett og økonomiplan, eller verte lagde fram som eiga sak med framlegg til finansiering.**

Kommunestyret 22.10.2026:

Handsaming:
Hornelen besøkssenter utsetting., foreslått av Jorunn Petrine Frøyen, Høgre
Før det blir sett i gang eit forprosjekt, skal kommunen avklare vidare bruk av skulebygget saman med dei lokale brukarane og vurdere konsekvensane av arealkravet på 120 kvadratmeter. Saka skal deretter leggjast fram for kommunestyret på nytt.

Utsetjingsforslag frå Jorunn Frøyen, H. Ho redgjorde for framlegget om utsetjing.

KST- 040/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak:

Før det blir sett i gang eit forprosjekt, skal kommunen avklare vidare bruk av skulebygget saman med dei lokale brukarane og vurdere konsekvensane av arealkravet på 120 kvadratmeter. Saka skal deretter leggjast fram for kommunestyret på nytt.

Formannskapet 24.09.2026:

Handsaming:
Kommunalsjef Gro Bakke Abildsnes orienterte om prosjektet.

- Kostnadsramma er førebels anslått til 11,2 mill. kroner, med fleire usikre moment.
- Finansieringa er ikkje avklart og må utgreiast nærare i forprosjektet. Det skal søkjast om eksterne tilskot.
- Det er søkt om midlar til eit anna besøkssenter i Leirgulen, det vart stilt spørsmål om forholdet mellom dei to senterprosjekta og korleis dei påverkar kvarandre. Det vart opplyst at det er dialog mellom prosjekta, og at samtalane vil halde fram.
- Det vart også reist spørsmål om prosjekta konkurrerer om dei same tilskotsmidlane. Det vart opplyst at dei byggjer på ulike finansieringsordningar.

- Fleire peika på at prosjekta kan framstå som like, og etterlyste ei tydelegare avgrensing mellom dei.
- Det vart etterlyst nærare avklaringar om forholdet mellom prosjekta før saka vert handsama i kommunestyret.

FSK- 064/26 Vedtak:

Formannskapet gjev slik tilråding til kommunestyret:

1. **Kommunestyret tek forstudierapporten *Hornelen Besøkssenter – «Historia om menneska, landskapet og kulturen»* til orientering.**
